



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Austevoll Sokneråd

dok 140

Kultur- og kirke dep.	
III	
Saksnr. 200800738	Dato 1.9.08
Kode. Ki-SDI	Beh. ....

5392 STOREBØ  
Tlf: 55082600  
Faks: 55082601

**Kultur- og kirke departementet**  
Kirkeavdelingen  
Postb. 8030 Dep  
0030 Oslo

Storebø 29.08.08

## Utskrift av møteboka

for

**Austevoll sokneråd  
i møte den 28.08.08**

### **Sak 10/08 Styrket demokrati i Den norske kirke - Høring**

Saksutgrøing med vedtak/uttale vert med dette sendt over til Kultur- og kirke departementet i samsvar med høyringsrundskriv

  
Jan-Torres Nordstrand  
Kyrkjeverje

# Austevoll Sokneråd

## Soknerådssaker

### Arkivsak 08/00005

Dato: 26.08.2008  
Arkivsak-navn: Den norske kyrkja  
Saksbehandler: JanTørres  
Dokumentnavn: **Styrket demokrati i Den norske kirke - Høring**  
Dokumentnummer: 08/00005-002  
Løpenummer: 000027/08  
Arkivkode: 002

**Utvalgssaksnr.: 010/08**

### Saksframstilling

Framlagt: Samandrag av arbeidsgruppa si innstilling.

Austevoll sokneråd har moteke frå Kultur- og kyrkjedepartementet innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kyrkje". Arbeidsgruppa som har lagt fram innstillinga skulle vurdere ulike tiltak som kunne bidra til følgjande:

- Auka oppslutning ved soknerådsvalet 2009.
- Styrkje den demokratiske legitimiteten til ulike kyrkjelege organ.
- Styrkje prosessen rundt framtidig utveljing av prostar og biskopar.

Demokratireforma skulle m.a. innehalda følgjande hovudelementer:

- Etablering av reelle valalternativer.
- Auka bruk av direkteval.
- Kyrkjeval samstundes med offentlege val.

Følgjande personar har vore med i utvalet:

Prost, Trond Bakkevik  
Domprost, Knut Andresen  
Professor, Berge Furre  
Bydelsutvalsleiar, Elin Horn Galtung  
Professor, Harald Hegstad  
Kyrkjeverje, Sissel Vartdal  
Seniorrådgiver, Inger Johanne Wremer

Frist for høyringa er 1. september 2008.

## **Forslag til vedtak**

### **Generelle merknader**

Austevoll sokneråd helsar velkomen forsøket på å styrkja engasjementet blant kyrkja sine medlemmer, og om mogeleg at "sovande" medlemmer kunne vakna å ta del.

Ei styrking av demokratiet i kyrkja kan også vera bra, men det er likevel viktig å peika på at KYRKJA aldri kan bli heilt demokratisk slik me til dagleg forstår dette begrepet. Dette fordi KYRKJA i sitt vesen er forplikta på Skrift og vedkjenning, og kan difor ikkje styrast av skiftande folkemeiningar. Dette er m.a. forskjellen på KYRKJA og eit politisk parti.

Det er også ei stor utfordring å få den vedkjennande kyrkjemedlemsmassen til å fylla stemmelokala, slik at demokratiet avspeglar den gudstenestefeirande kyrkjelyden. Med eit slikt utgangspunkt kunne kanskje ei endring/tilpassing av gjeldande valordning gjere same nytte.

### **Preferanseval**

Innstillinga legg opp til at vala vert halde som preferanseval. Det vil sei at vallista vert sett opp i alfabetisk rekkefølge. Slik vil alle vera likeverdige kandidatar og ingen treng oppleva seg som "listefyll". Dette er bra og kan bidra til at fleire synest det er interessant å stille på lista.

### **Økonomi**

I Innstillinga vert det tilrådd at soknerådsvalet vert halde same dag som stortingsvalet i 2009. Det vert lagt opp til at det skal vera høve å røysta på alle stader der det er stortingsval og innafor same tidsrom, noko som vil medføra ei betydeleg økonomisk utgift. For Austevoll kyrkjelyd, som er ein øykommune med rundt 4000 medl., tyder det at me må bemanna 10 valstader, med 2 – 3 personar på kvar stad, + teljekorps, noko som vert svært resurskrevjande både i forhold til økonomi og personell. I tillegg kjem utgifter til urner, valkort, infomateriell, servering, med meir.

Utgiftene ved ei slik valordning vil truleg verta nokså lik utgiftene kommunen har ved gjennomføring av stortingsvalet. Om ikkje ei slik valordning vert følgt opp med tilføring av kroner, øyremerka tiltaket, er det vanskeleg å sjå at Austevoll sokneråd, ut frå dagens økonomiske situasjon, er i stand til å gjennomføra eit slikt val.

### **Utnefning av prostar og biskopar**

Austevoll sokneråd helsar velkomen ein demokratiseringsprosess også m.h.t. utnefning av prostar og biskopar, tillagt eit høveleg kyrkjeleg organ. Men også her må samansetjinga av råd og organ representera den vedkjennande og gudstenestefeirande kyrkja. Skrift og vedkjenning må vera forpliktande og den vedkjennande delen av kyrkjemedlemsmassen må også her på banen for å bidra til dette gjennom valprosessane.

## **Vedtak**

### **Generelle merknader**

Austevoll sokneråd helsar velkomen forsøket på å styrkja engasjementet blant kyrkja sine medlemmer, og om mogeleg at "sovande" medlemmer kunne vakna å ta del.

Ei styrking av demokratiet i kyrkja kan også vera bra, men det er likevel viktig å peika på at KYRKJA aldri kan bli heilt demokratisk slik me til dagleg forstår dette begrepet. Dette fordi KYRKJA i sitt vesen er forplikta på Skrift og vedkjenning, og kan difor ikkje styrast av skiftande folkemeiningar. Dette er m.a. forskjellen på KYRKJA og eit politisk parti.

Det er også ei stor utfordring å få den vedkjennande kyrkjemedlemsmassen til å fylla stemmelokala, slik at demokratiet avspeglar den gudstenestefeirande kyrkjelyden. Med eit slikt utgangspunkt kunne kanskje ei endring/tilpassing av gjeldande valordning gjere same nytte.

### **Preferanseval**

Innstillinga legg opp til at vala vert halde som preferanseval. Det vil sei at vallista vert sett opp i alfabetisk rekkefølge. Slik vil alle vera likeverdige kandidatar og ingen treng oppleve seg som "listefyll". Dette er bra og kan bidra til at fleire synest det er interessant å stille på lista.

### **Økonomi**

I Innstillinga vert det tilrådd at soknerådsvalet vert halde same dag som stortingsvalet i 2009. Det vert lagt opp til at det skal vera høve å røysta på alle stader der det er stortingsval og innafor same tidsrom, noko som vil medføra ei betydeleg økonomisk utgift. For Austevoll kyrkjelyd, som er ein øykommune med rundt 4000 medl., tyder det at me må bemanna 10 valstader, med 2 – 3 personar på kvar stad, + teljekorps, noko som vert svært resurskrevjande både i forhold til økonomi og personell. I tillegg kjem utgifter til urner, valkort, infomateriell, servering, med meir.

Utgiftene ved ei slik valordning vil truleg verta nokså lik utgiftene kommunen har ved gjennomføring av stortingsvalet. Om ikkje ei slik valordning vert følgt opp med tilføring av kroner, øymerka tiltaket, er det vanskeleg å sjå at Austevoll sokneråd, ut frå dagens økonomiske situasjon, er i stand til å gjennomføra eit slikt val.

### **Utnemning av prostar og biskopar**

Austevoll sokneråd helsar velkomen ein demokratiseringsprosess også m.h.t. utnemning av prostar og biskopar, tillagt eit høveleg kyrkjeleg organ. Men også her må samansetjinga av råd og organ representera den vedkjennande og gudstenestefeirande kyrkja. Skrift og vedkjenning må vera forpliktande og den vedkjennande delen av kyrkjemedlemsmassen må også her på banen for å bidra til dette gjennom valprosessane.